# Meland kommune

Kjell Ove Larsen
Fosse 169
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Berit M.Eskeland | 23.04.2014 |
| Vår: 14/404 - 14/5878 | Berit.Eskeland@meland.kommune.no | |

# Omgjering av vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 101/2014**

## Saksutgreiing:

Basert på Meland kommune sin nye vurdering i saka har Fylkesmannen omgjort sitt vedtak om å opprethalde krav om tilknyting til kommunalt vassverk i skriv datert 09.04.2014.

Meland kommune omgjer sitt vedtak av 12.06.2013. Årsaka er dei nye opplysningane som har kome fram i saka. I den nye vurderinga til kommunen av 06.03.2014, står det følgjande:

> *Det har i denne klaga kome fram nye opplysningar om boreholet til klagar som ikkje har vore vurdert tidlegare. Boreholet er frå 1997 og har kosta grunneigar til saman 70 000 kr. Prinsippvedtaket opnar opp for at nyleg opparbeida kostbare anlegg som borehol kan gje fritak frå tilknytingsplikta. I plan- og bygningslova er dette punktet knytt til «særlege omsyn» og «uforhaldsmessig stor kostnad». Hadde desse opplysningane vedrørande alder og kostnad for boreholet vore med i opphaveleg klage kunna saka ha vore løyst på eit mykje tidlegare tidspunkt. Kommunen vurderar basert på dei nye opplysningane at det i dette tilfellet er rimeleg å gje gnr 25 bnr 145 fritak frå tilknytingskravet til kommunalt vassanlegg. Kommunen vil fatte eit nytt vedtak i saka.*

## Vedtak


**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

”Med heimel i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2 og i samsvar med prinsippvedtak i kommunestyret i Meland kommune vedteke 23.01.2008, gjev kommunen fritak for pålegg om tilknyting til kommunalt vassanlegg på Fosse del 2. Fritaket gjeld gnr 25 bnr 145.”

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Berit M.Eskeland<br>rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjell Ove Larsen | Fosse 169 | 5918 | FREKHAUG |
| Mikkel Mundal | Hollendergaten 14 | 5017 | BERGEN |

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | PB 7310 | 5020 | BERGEN |